

## Referat frå styremøte i TSG på Bygdesentralen i Hjartdal tysdag 20. september kl. 14.00

Dei som møtte: Erik H Håtveit, Håvard Jønnardalen, Svein Arvid Tørre, Ove Kringlegarden, Kirsti Sandland

Sak 33/2011 Godkjenning av innkalling og sakliste  
Vanskeleg å finne eit møtetidspunkt som kan passe alle. Få til rullering i forhold til dette. Neste møte vert på føremiddagen.

Sak 34 /2011 Referatsaker:

- Kåring 2011  
Torhild orientera om dei planane som er lagt i forhold til kåring hausten 2011. Rauland 7. oktober og Sauland 8. oktober.
  - Premiering av best ull / beste eksterior og høgaste sum poeng for spæl og NKS.
  - Best, uansett raseTorhild får premier av Nortura, Resten av styret har ansvar for resten av premiane. Totalt 8 stykk  
Kostnader til premier vert dekt av kåringsavgift + gåvepremier frå samarbeidspartar.

Annonsering i Vest-Telemark Blad. Varden, TA og Telen.  
Ansvar Torhild

Bruk av sløyfer under dømning (36 poeng o-kåring og 62 Farga spæl)

- Referat frå regionmøte Øst - ingen merknader
- Klippekurs 2011  
Torhild orientera om arbeidet som er gjort

Sak 35/2011 Saueprosjektet.  
Leiar og sekretær orientera om arbeidet som er gjort gjennom sumaren. Søknad om økonomisk støtte er sendt til Fylkesmannen og Fylkeskommunen.  
Når prosjektet er nær realisering, bør/skal leiar marknadsføre dette ved å ta kontakt med presse.  
Torhild skal lage eit lite notat omkring saueprosjektet for utlegging på nettsidene våre

Sak 36/2011      Evaluering av Dyrskuen 2011  
Ein positiv oppleving å være på standen i Husdyrhallen. Positivt og sjå relasjonen sau/barn.  
Klypping av sau er alltid populært. Bjørguv Bratland og Sven Reiersen gjorde den jobben mens Gunnar Haugo kommentera. Det vart klypt 6+6+10 sau desse 3 dagane- Kan ein i framtida få alle sauene frå T.d. Slettebø. Det ville lette litt på jobben omkring transport av dyr.  
Litt vanskeleg å få folk til å ta ei vakt. Ein bør i framtida tenke litt meir på sau og geit. Lite profileringsmateriell å få frå NSG.  
Ynskje om at NSG/NSG Semin kunne nytte dyrskuen i forhold til marknadsføring – Temadag

Sak 37/2011      Planlegging av Haustsamling

- Fredag 11. november – 12. November på Morgedal Hotel  
Fagprogram fredag kl. 16.00-19.00. Middag 19.30  
Fagprogram laurdag kl. 10.00-13.00. Avslutning med lunsj

Bestilt 30 rom – påmelding innan 31. oktober

- Tema / program (foreløpig/ynskje)  
**Radiobjøller** – Håvard tek kontakt med Telespor.  
**Besetningar i Telemark som har erfaring med bruk av radiobjøller**  
**Nye rovdyrforliket** v/ Lars Bjådal – Erik tek kontakt
  - Kva for endringar gjer dette for oss?**Sau prosjektet**  
**Topp team føring av geit** v/Hege Gonsholt – Kirsti tek kontakt  
**Veterinærens time-** spørsmål og svar  
**Beiteprosjekt i Oppland/Hedemark** – Torhild undersøker  
**Invitere fylkesmannens landbruksavdeling**

**Underhaldning: Åsmund Nordstoga ev. Olav Sem** i tilknytning til middagen. Budsjett: 4000,-  
Erik gjer eventuelle avtaler

Invitasjon skal sendes alle i adressert post, samt leggas ut på TSG sine nettsider. Svein tek kontakt med Arne Flatebø for eit oppslag i Sau og Geit.

I denne samanheng får Svein ansvar for å få inn e-post adresser til alle medlemmer.

Sak 38/2011      Bygdervis  
Erik møter på møte 21.09.11.

Sak 39/2011      Telemark sau og geit sine heimesider- retningslinjer for bruk

- Formidling av livdyr (kåra og granska værere) – gratis medlemsfordel i tidsrommet 1 aug-1. des.
  - Opplysningar om dyra skal sendes web ansvarleg på e-post
- Tilby annonseplass / link til tilbydarar til landbruke

- Sak 40/2011 Organisasjonsmessig høring - Ny strategiplan for NSG  
Ingen forslag til endring
- Sak 41/2011 Utvidelse av hellheia naturreservat i Drangedal-Høring  
Hatt kontakt med lokallagsleiar i Vestmar sau og geit. Har ingen kommentarar.
- Sak 42/2011 Høring om revisjon av forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst  
Det har komme inn uttaleforslag frå Kviteseid sau og geit og Nissedal. Desse vart gjennomgått. Styret støttar uttala til Kviteseid Sau og Geit der dei krev at gaupa ikkje vert tatt ut av forskrifta om utøvelse av jakt, felling og fangst.
- Sak 43/2011 Eventuelt  
Skadefelling bjørn i Tokke vert sett i gang 21.09.2011  
Har på plass eit kommunalt skadefellingslag.

Representantskapsmøte 19—20 oktober.

